



Akantus

FRÅ PLANTE TIL TRESKURD I OTTADALEN

Gudbrandsdalsmusea AS har i sommar ei omfattande utstilling av arbeider etter treskjærarar frå Ottadalen. Utstillinga heiter «Akantus – frå plante til treskurd i Ottadalen» og blir å sjå på Vågå Bygdamuseum, Jutulheimen, i Vågå og på Lom Bygdamuseum, Presthaugen, i Lom. For å få til denne store mønstringa av vår lokale kulturarv, har vi hatt eit godt samarbeid med mange eigarar og treskjærarar i området.

Med utstillinga ynskjer vi å setta fokus på den sentrale plassen som treskjæring har og har hatt i Ottadalen. Utstillinga har arbeider frå meir enn 50 treskjærarar, og syner mangfald og utvikling heilt fram til vår eige tid. Her ser vi både personleg preg for enkelte treskjærarar, korleis nokre har vorte prega av sine lærarmeistre og utviklinga gjennom ulike mote/stilretningar gjennom 250 år på eit stort mangfald av gjenstandar.

Utstillinga er i samarbeid med Vågå Historielag og Lom Heimbygdslag, og er ein del av arrangementet «Håndverk +» i Vågå.

Utstillinga opnar i Jutulheimen i Vågå fredag 7. juni kl. 1000, og er å sjå i Jutulheimen til 2. juli.

Opningstider under:

«Håndverk +» i perioden 7. juni - 9. juni kl. 10.00-15.00 kvar dag.

Landskappleiken i perioden 26. juni – 30. juni kl. 10.00-15.00 kvar dag.

Opningstider elles: Onsdag, laurdag og syndag kl. 10.00 – 15.00. Elles etter avtale, kontakt tlf. 9053 0671

Utstillinga vil så bli flytta til Presthaugen i Lom, og opnar der fredag 5. juli kl. 1100 og er å sjå der i perioden 5. juli til 8. august.

Opningstider kvar dag kl. 11.00-16.00. Elles etter avtale, kontakt tlf. 9166 0017

Med venleg helsing
For arrangementskomiteen

Jørgen Hagen
Avd.leiar Lom Bygdamuseum

Kristin Akslen Hagen
Avd. leiar Vågå Bygdamuseum



Gudbrandsdalsmusea